

Bind 8 i «Norges historie»

I 1720-åra gikk skattedebatten livleg mann og mann imellom. Kunne det på nokon måte vere mogleg å stoppe sentralmaktene frå å innføre eit nytt skattesystem med den auken i skattebøra det rimelegvis ville føre med seg? Det lot seg gjere. «Høgrevinden» mellom skattebetalarane gjorde at den nye matrikelen i 1724 vart lagt på hylla.

I 1730 kom ein ny ideologi til makta (pietismen) og utover i 1730-åra vart det teke opp arbeid med ein utdanningspolitikk og ein sosialpolitikk. Allmenn skoleplikt vart innført og fattigvesenet oppretta. Ein ville sikre seg at alle fekk eit visst minstemål av innføring i den rette trua og at dei svakaste i samfunnet fekk eit visst minstemål av levestandard.

I 1730- og 40- åra var det dårlege tider og dei sentrale styresmaktene fann ikkje ledige middel for reformforslaga sine. Løysinga var sjølv sagt å la lokalsamfunna sjølve betale. Slik som vi kjenner igjen løysinga, er det heller inga overrasking at standarden på både skole og sosialhjelp vart langt ringare enn det planleggarane hadde sikta mot.

Nei, ser ein rett stort på det, er det kanskje ikkje så mykje «nytt» å lære av å lese historie heller. Men eg kan vanskeleg tenke meg ein betre måte å få etterprøvt og illustrert dei innsiktane ein måtte ha i korleis «menneskenes hjerte» fungerer. Og skulle ein vere interessert i meir pekuniære detaljar som t.d. korleis vanleg folk levde og brødfødde seg i eit

lite lokalsamfunn i utkanten av verda, da er denne boka eit funn. Og er ein mellom dei som undrar seg over korleis vi i dette umoglege landet Norge er komne dit vi er i dag ...

Nei, før vi ser på det, la oss sjå litt nærmare på boka. Eg har freista ulike måtar å summere opp boka på, men har gitt det opp. Det blir verken kortare eller betre enn det Dyrvik sjølv presenterer på side 433–437:

«Beretningen om den lange fredstiden er forsøkt gjort til historien om de mange, og først og fremst da om den bygdebefolkningen som utgjorde nitti prosent av det norske folk. Søkelyset har vært rettet mot disse menneskenes grunnleggende livsbetingelser. Forandringer i blant annet sykdommer og høstutbytte førte til befolkningsvekst. Folkemengden økte fra rundt 500 000 i 1700 til nesten 900 000 i 1800. En slik vekst måtte skape uro og bevegelse i et samfunn. Skulle den voksende befolkning overleve, måtte landets ressurser tappes sterkere og sterkere. Mer jord ble dyrket, det ble hogd mer tømmer, fanget mer fisk, gravd ut mer malm. Men ekspanderte næringsveiene i takt med befolkningen? Den eldre forsknings påstand om at gjennomsnittsnordmannens levestandard økte på 1700-tallet, møter større skepsis idag. To samfunnsgrupper er talende i så måte: vestlandsbonden som må gå over fra plog til spade for å møte jordmangelen med større avkastning, og husmannen som må forlate sin lille jordlapp og skaffe seg et tarvelig utkomme som lønnsarbeider for gårdb-

rukerne. Disse eksemplene viser at vi ikke bare trenger nasjonaløkonomiske data. Vi må også vite mer om hvordan godene ble fordelt i samfunnet.

Dermed er vi fremme ved den kanskje viktigste følgen av befolkningsveksten: skjerpingen av den sosiale ulikhet i Norge. Husmennene blir den nye underklassen, plassert under bøndene som før stod på det laveste samfunnstrinn. Denne sosiale splittelsen, som rammet landsdelene temmelig ulikt, er langt på vei styrt av varige forhold eller mønstre i det norske bondesamfunn: næringsvilkår, gårdsstruktur, eiendomsrett, arveregler. Men den sosiale utvikling forløp ikke helt utenfor myndighetenes innflytelsessfære. I noen avgjørende år rundt 1750, innen utviklingen for alvor hadde fått fart og tyngde, forelå muligheten for å dirigere den over i et annet spor. Var myndighetene på dette tidspunkt klar over rekkevidden av sine avgjørelser? I alle fall ble den sosiale ulikhet beseglet med husmannsforordningen av 1752. Landsbygda fikk en underklasse som i år 1800 allerede utgjorde tredjeparten av totalbefolkningen og som skulle bestå i 150 år, helt til flytting og utvandring tørte den opp ved begynnelsen av vårt eget århundre.

Også byene vokste og beholdt sin tiendepart av landets totale folkemengde, men de kan ikke oppvise sosiale endringer av lignende omfang som bygdene. Rundt 1800 kan forholdet mellom borgerskapet og arbeiderbefolkningen ha vært som 1 til 3. Ikke minst dødelighetsforholdene vitner om de dårlige kår byenes arbeidere må ha levd under. Men det er neppe mulig å hevde at borgerskapet befant seg på den motsatte fløy. Også blant borgerne fantes det grupper som levde i forholdsvist trange forhold og som utover 1700-tallet fikk erfare tiltagende utarming. Det gjaldt utøverne av mange av de vanligste håndverksfagene. Andre borgere seilte opp, og på toppen av bysamfunnet etablerte det seg en håndfull familier hvor rikdom og status gikk i arv. Norge fikk sitt lille eksklusive patrisiat som kont-

rollerte det meste av landets betydelige eksporthandel. Den sosiale utvikling i byene på 1700-tallet er altså preget av økende avstander og fastere skillelinjer enn tidligere.

Ingen av disse samfunnsendringene i befolkningsvekstens kjølvann, med avskallingen av en ny stor sosialgruppe på bunnen av bygdesamfunnet eller de større ulikhetene i bysamfunnet, førte umiddelbart til oppsiktsvekkende ytre begivenheter. Men de føyer seg inn i en lengre utviklingsprosess som mange historikere har trukket gjennom foreningstiden og latt munne ut i det store politisk-nasjonale omskiftet i 1814. I hvor stor grad kan så selvstendighetsverket sies å ha sine forutsetninger i de langsomme, men dyptgripende forandringene i det forutgående århundre?

Selve befolkningsveksten må være en første forutsetning. Utad, i forhold til både Danmark og Sverige, bedret Norge sitt relative styrkeforhold gjennom sin høyere vekstrate. Innad skapte den et større og mer differensiert samfunn, bedre skikket til å stå på egne ben. Mest innlysende blir dette om vi atter vender blikket mot de sosiale gruppene i landet. Norge rundt år 1500 var et land uten noen egentlig nasjonal overklasse. Verken den økonomiske eller politiske utvikling fram til 1660 endret vesentlig på dette forholdet. Men med innføringen av eneveldet begynte endringene å komme. Tallet på embetsmenn økte; de fikk en høyere og sikrere status i samfunnet, og gradvis begynte gruppen å bli selvrekutterende, å forvandle seg til en stand. Andelen norskfødte steg, og med den følelsen av å være norsk. Borgerskapet fikk på slutten av 1600-tallet omfattende økonomiske privilegier som knyttet det ikke bare til regimet, men også til Norge. Også denne samfunnsgruppen ble etter hvert mer selvrekutterende, mer norsk. Den nasjonale overklasse, bestående av embetsstand og et borgerskap, som vokste fram etter 1660, styrket altså ytterligere sitt maktfundament og sitt indre samhold i det påfølgende århundret. Dette var eliten som skulle gjennomføre reisningen i

1814.

Men det aktive toppsjiktet av embetsmenn og storborgere utgjorde i høyden et par prosent av den norske befolkning. Ville den demokratiske grunnloven av 1814 være mulig uten at også en større samfunnsgruppe, bøndene, hadde vunnet i status og selvbevissthet? For bøndene skjedde de avgjørende sosiale endringene på 1700-tallet. I eldre tid hadde bøndene kort og godt vært «allmuen», en allmue som hadde fått føle trykket under embetsmenn og borgere etter 1660. Men krigsbegivenhetene i den samme perioden hadde vist at bøndene kunne gjøre seg politisk gjeldende i kraft av sin stilling som landets forsvarere og skattebetalere, og gjennom opprør tvinge regimet til måtehold. Utover 1700-tallet ble bøndenes stilling overfor myndighetene ytterligere styrket. Flere ganger ble forsøk på endringer i beskatningen avverget, til dels under direkte påtrykk fra bøndene selv. Da ekstraskatten ble innført i 1762, reiste deler av den norske bondeallmuen seg til voldelig motstand, og i 1772 ble skatten fjernet. Slik ble de lave skattene noe bøndene mente seg å ha hevd på, et privilegium. Og de skulle få flere. Med myndighetenes sanksjon på den sosiale utviklingen i bondesamfunnet hevet bøndene seg opp over en ny og simplere allmue og kunne velte noen av sine gamle byrder over på den: Soldatene ble i økende utstrekning tatt blant husmennene, og de skulle som billig arbeidskraft styrke bøndenes skatteevne. Endelig fikk bøndene politiske oppgaver ved opprettelsen av skolevesen og fattigstell. Atter var de i stand til å utnytte sin posisjon som betalere. Snart sikret de seg den reelle kontroll både med skole og forsorg på bygdene.

Noen stor innflytelse kunne ikke bøndene få i det enevoldsstyrte Norge på 1700-tallet, men de maktet å stige både på den sosiale og politiske rangstige. I så måte skilte de seg ut fra mange av sine standsbrødre ute i Europa, og i så måte skulle de sette sitt viktige merke på begivenhetene først på 1800-tallet.»

Samanfatninga gir eit oversyn over utviklinga i det norske samfunnet på 1700-talet. Men det fortel ingenting om at boka er lettlest, velskriven, ja til tider direkte spanande. Heller ikkje ber den bod om dei mange sidelinene og eks-emplifiserande detaljane som er spunne rundt hoved-tråden (befolknings- og næringsutvikling). Til dømes finn ein eit raskt lite innsyn i familieliv og barneoppseding på ein bondegard, ein finn oversyn over byplan, arkitektur og innreiking i ein typisk 1700-tallsby og diskusjon av giftermålsmonster og familieliv mellom gruvearbeidarar på Kongsberg. Påstandar omkring levekår og sosiale skilnader er heile tida illustrert med konkrete eksempel – frå skilnaden mellom brørne Tjerand og Gunnar skapt av den sosiale strukturen dei levde i, gjennom skomakermester Simen Kristoffersen Bruuns liv og lagnad i eit handverkslag, til patrisierfamilien Collets framvekst.

Sideblikka og eksempla er ikkje berre pedagogiske verkemiddel. Dei gir også høve til å fylle ut hovedveven i framstillinga slik at vi blir sittande igjen med noko meir enn ei framstilling av kva som skjedde i Norge i løpet av den lange fredstida på 1700-talet. Vi blir sittande igjen med ei aning om kva det ville seie, kva meining det hadde, å vere medlem av det norske samfunnet for to hundre år sidan. Dette gir oss eit grunnlag for å spekulere litt meir omkring skilnadene mellom den gongen og no enn berre å konstatere dei store nivåskilnadene.

Vi er da attende ved spørsmålet om korleis vi i Norge er komne dit vi er i dag.

Dyrvik peikar sjølv på viktige hendingar som viser framover mot 1814 og utviklinga på 1800-talet. Men slik spørsmålet her er stilt inneber det noko meir enn spørsmål etter den kronologiske samanhengen i norsk historie. Det er – trur eg – eit spørsmål om lov og tilfeldig-

het, om kvifor det måtte gå som det gikk. Det inneber at ein ser på det norske samfunnet som eit system med ei kontinuerleg utvikling der *systemutviklinga* er styrt av visse allmenngyldige prinsipp, der tilfældigheter vel kan bryte inn og gi sitt bidrag til utviklinga, men der *systemet* tar opp det tilfældige i utviklinga si ifølgje dei allmenne prinsippa.

Ser ein på studien av Norge på 1700-tallet i eit slikt systemperspektiv er der ein opplagt mangel ved framstillinga. Ein finn praktisk talt ingenting om den omverda som lokalsamfunnet Norge var ein del av. Dei 8 sidene med tradisjonell historie om «Danmark-Norge blant Europas makter» er ikkje ein omtale av omverda til lokalsamfunnet Norge på dei same premissane som er nytta for studien av den interne utviklinga til samfunnet.

Generelt er det greitt å akseptere at samkvemet med utlandet representerte viktige impulsar for utviklinga her heime. Vi får også vite at skipsfart og trelasthandel var i framgang. Men for å få eit betre grep om kva konsekvensar dette faktisk hadde, må ein vite meir om korleis samkvemet med utlandet var organisert, korleis og på kva vilkår kapital kunne komme inn i landet eller ut av landet, kva muligheter og skrankar som handelsavtalar med ulike typer av partnarar la på lokale entreprenørar, kva betydde den institusjonelle arven frå Hansatida og kva for nye institusjonelle mønster voks fram i ly av eineveldet, kva med bankar og banktenester, etc., etc. Utan eit slikt tillegg finn eg det vanskeleg å vurdere kor «tunge» dei uli-

ke utviklingstrendane innanlands var. Dette gjeld t.d. overgangen fra årsteneste til dagarbeid mellom ungdommen. Overgangen til dagarbeid var ei viktig drivkraft for utviklinga av husmannsvesenet. Hovedforklaringa er utviklinga i dei relative prisane på årsteneste og dagarbeid, men kva var årsaka til prisendringane? Befolkningsveksten kan det ikkje ha vore. Derimot kunne overgangen tenkast å vere knytt til den generelle prisoppgangen, til framveksten av pengeøkonomien og/eller til konkurranse frå eksportnæringar.

At Dyrvik ikkje kjem inn på det dynamiske samspelet mellom utvikling ute i Europa og utvikling innan Norge har rimelegvis si forklaring i at vi på dette feltet manglar grunnforskinga. Om det samme kan seiast om andre utelatte aspekt ved det norske samfunnet på 1700-talet veit eg ikkje. Men noko kunne vi fått vite om folkemusikk og folketru, fest og dans, matskikkar og klesdrakter. Vel var det ikkje så mange minutt i veka vanleg folk kunne kalle fritid. Men dette gjer dei berre tilsvarende viktige. Kva nytta vanleg folk fritida si til? Kva plass hadde religionen mellom vanleg folk?

Det er ikkje vanskeleg å ønskje seg meir enn det ein har fått. At det er slik, strekar berre under at Dyrvik har fyrt oppunder interessa for lagnaden til det vesle lokalsamfunnet Norge i urovekkjande grad. (Det er jo meir «matnyttige» plikter som kallar etter kvart.) Men medan vi som har lese boka ventar på meir, er det ingen grunn for dei andre til å la den ligge ulest.

Erling Berge

Ståle Dyrvik: «Den lange fredstiden 1720–1784». Bind 8 i Mykland Knut (red.): «Norges historie». Oslo, J. W. Cappelens Forlag A/S, 1978.